

Fjågesund Posten

Nr. 3 november 2022



Øigarden

UHØGTIDLEG TRIM

For alle kvar onsdag kveld kl. 18.30 på grendehuset til og med 14. desember.

Arr. Fjågesund IL



GUDSTENESTE

Fjågesund kyrkje

Sondag 13. november kl 11.00

v/Møyfrid Lunde.

Nattverd.



STØTT FJÅGESUND IL MED TOMGODS!

Har de tomgods som vi kan pante til inntekt for laget vårt, vil vi gjerne at de set det ut i knytt pose, i innkjørsla di slik at det er lett å finne.

Vi køyrer rundt og samlar inn:

Tysdag 15. november kl 17.00

JOLEGRANTENNING

Sondag 27. november kl. 17.00

på grendehuset.

- Matservering
- Kaker og kaffe
- Trekking av "Ut på tur 2022"

Velkommen!

Arr. Fjågesund grendehuslag



Frå venstre: Terje Bjerke, Kristoffer Haugan, Kjell Audun Strandkås, Stein Rønningen og Sigvald Finsand

ELGFEST

Laurdag 10. desember kl. 19.00

Meire informasjon kjem i postkassene seinare.

VELKOMEN!

Arr. Fjågesund grendehuslag



“GLOBASSE”

Jolemat frå Fjågesund

Nydeleg varmrøkt fisk - salta sik stekt på gløan i ovnen. Beskriving: Bladsik (stor sik) som blir fiska nokre dagar før jol. Fisken sløyas og saltas innvendig og utvendig i 3 - 4 dagar. (Kan og frysast). Tilbereding: Det skal vere gløar i ovnen (bjørk). Fisken pakkas inn i matpapir (+ evt. litt avis-papir om det er veldig varmt i ovnen) og leggas på glørne i ca 20 - 30 min, avhengig av størrelse på fisken og varmen. Skrell av brent papir og skinn, legg på fat og server varm til brød med smelta smør.



GUDSTENESTE

Kilen kapell

Sondag 18. desember kl 11.00

v/Møyfrid Lunde.

Nattverd. Dåp.

HØGTIDSGUDSTENESTE

Fjågesund kyrkje

joleftan, 24. desember kl. 12.45

v/Møyfrid Lunde.

Nattverd. Dåp.



Fjågesund skule ca. 1920



GAPAHUK PÅ KÅSASTRÅNDA

Fjågesund IL har fått satt opp ein gapahuk og ein utedo på dugnad i sommar. Laget har også kjøpt ein kano, 2 SUP brett, 4 flytevestar og 2 bålpanner. Gjensidigestiftelsen gav økonomisk støtte på kr. 60.000 til dette. Tusen takk!

Alle er hjartleg velkomne til å bruke plassen og utstyret. Parkering ved snuplassen, far fint med utstyret og hald orden!

HIPP HURRA! DET Æ SØ BRA!

Opprusting av vegen ned til Fjågesund bryggje.

Denne vegen er kommunal og har vore nedsliten i mange år. Som kjent har kommunen trong økonomi, men med påtrykk frå grendehuslaget fekk dei til eit spleiselag mellom kommunen, kanalen, grendehuslaget og Nome VGS avd. Lunde.

Elevar og lærarar frå anleggsteknikk vg.2 skal oppgradere vegen med grøfting, nye stikkrenner, rydde skog, setje oppatt stabbesteinane og grave ned straumkabelen til pumpehuset. Vegen blir grusa til våren.

Tusen takk til alle som bidreg!



Det blir ljøs i ljøsløypa i vinter også! Idrettslaget og grendehuslaget får straumstøtte frå lotteri- og stiftelsestilsynet.

Laga takkar for all dugnad gjennom dette året!

Ynskjer leige/kjøpe ei hustomt, hus eller småbruk i Fjågesund eller omegn.

Kontakt: Aud Turid, 905 75 915

Sjå også heimesida til Fjågesund på:

fjaagesund.no